



# Etne kommune

## Leve heile livet- Handlingsplan for Etne kommune

2022-2026

**INNHOLD**

1.1 INNLEIING .....	3
Føremål med planen .....	3
2. Tilnærmingar, mål og strategiar .....	4
3. Planen si oppbygging .....	6
4. Strategiar .....	8
4.1 Strategi 1: EiN aldersvenleg samfunn .....	8
4.2 Strategi 2: Aktivitet og fellesskap .....	9
4.3: Mat og måltid .....	9
4.4 Helsehjelp .....	10
4.5 Samanheng i tenestene .....	11

## 1.1 INNLEIING

*Etne kommune skal vera ein god kommune å bu i – med satsing på barn og unge, folkehelse og gode bumar*

Kommuneplan, samfunnsdel 2016-2026: samfunnsutvikling.

[Stortingsmelding 15\(2017-2018\)Leve heile livet - ein kvalitetsreform for eldre](#) blei vedtatt i Stortinget november 2018. Den skal bidra til at eldre kan meistre livet lengre, vera trygg for at ein får god hjelp når dei har behov for det, at pårørande kan bidra utan at dei blir utslitne og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene. Meldinga sitt hovudfokus er å skape eit meir aldersvenleg samfunn i tillegg til å finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringar knytt til aktivitet, fellesskap, mat, måltid, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenester. Reforma si målgruppe er eldre over 65 år.

---

### FØREMÅL MED PLANEN

Planen skal vera med å gje ei retning for arbeidet med å utvikle eit aldersvenleg samfunn og å utvikle tenestetilbod som fremjar livskvalitet og meistring for eldre over 65 år i Etne kommune.

Kommunen har om lag 888 innbyggjarar over 65 år. Befolkningsframkrivinga frå SSB viser at det er forventa ein stor auke dei neste 20 åra. I 2030 forventar ein 100 fleire og i 2040 ca 220 fleire over 80 år. Befolkinga i Etne er eldre enn gjennomsnittet for Noreg og framkrivinga av demens viser derfor at kommunen vil ha eit høgare tal innbyggjarar med demens. Andel med demens er 2.56 % i Etne mot 1,88% i Noreg. Framkrivinga viser at 3,35% av innbyggjarane vil ha ein demens i 2030 og 4,53% i 2040.

For å vera klar for dette er det avgjerande at kommunen planlegg og utviklar tenestene slik at me legg til rette for eit aldersvenleg samfunn.

Framkriving av innbyggarsamansetnad, 65år+ frå SSB:

Alder	2021	2025	2030	2040
65-79	644	667	702	747
80-89	181	226	279	358
90-99	60	57	62	113
100+	3	2	0	1

Framskriving av demens i befolkninga:

Stad	2021	2030	2040
Etne	81	102	133
Skånevik	23	30	40
Totalt	104	132	179

Dei eldre skal oppleve livskvalitet, tryggleik og meiningsvirksomhet i kvardagen uavhengig av livssituasjon. Hovudmål skal vera å legge til rette for sjølvstende, slik at ein kan meistra å bu heime så lenge som mogleg. Satsing på førebyggande og støttande tiltak vil bidra til tryggleik og meistring av kvardagen for innbyggaren.

Det er mange friske og aktive eldre som bidrar i lokalsamfunnet på mange måtar. I framtida ynskjer me at enda fleire bidrar for å kunne ha eit godt lokalsamfunn for alle.

Handlingsplanen for leve heile livet skal sjåast i samanheng med «Heilskapleg plan for helse- og omsorg», kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, og aktuelle fagplanar i helse- og omsorg. Mål og tiltak i denne planen har hovudfokus på innhald, utforming og kvalitet på tenestene. Kapasitet knytt til bustader og institusjon vil bli tema i Plan for pleie- og omsorg.

Planen vil dekkje perioden 2022-2026 og skal reviderast kvart år. Kommunalsjef for helse- og omsorg har ansvar for planen.

## 2. TILNÆRMINGAR, MÅL OG STRATEGIAR

Kommuneplanen(samfunnsdel)

Kommunen har som hovudmål at me skal vektlegge førebygging og folkehelse, der eit mål er at den einskilde skal ta vere på eiga helse. Det offentlege tenestetilbodet skal sikra eit likeverdig tilbod i alle livsfasar.

Delmål frå samfunssdel helse og omsorg:

4.2 Kommunen skal satse på heimebaserte tenester ved å nytte kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Det er eit mål at flest mogleg bur lengst mogleg i eigen heim.

4.5 Me vil vera med å vidareutvikle Frivilligsentralen.

4.6 Etne kommune bør opprette eit dag-/aktivitetstilbod for heimebuande med demens.

**MÅL** for Leve heile livet:

1. Kommunen skal legge til rette for at innbyggaren skal kunne få rettleiing og støtte til å planlegge for eigen alderdom.
2. Kommunen ønsker at aktive og friske eldre bidrar til aktivitet og fellesskap i lokalsamfunnet.
3. Kommunen skal vidareutvikle tenestetilbod som skal fremje livskvalitet og meistring av kvardagen for innbyggaren.
4. Tenestene skal vera av god kvalitet og vera berekraftige over tid.

Det kommunale tenesteapparatet for helse- og omsorg tenker at den einskilde innbyggjar er ekspert på eige liv, og me skal legge til rette for å mobilisere og motivere for innbyggaren sine eigne ressursar til å meistre sitt liv. I møte med innbyggjarar skal me derfor alltid stille spørsmålet: «Kva er viktig for deg for å meistre eigen kvardag».

Planen har 5 strategiar som bygger på dei satsingsområda som ligg til kvalitetsreforma for eldre:

1. Eit aldersvenleg Etne
2. Auka fokus på aktivitet og fellesskap i samarbeid med frivillige
3. Mat og måltid
4. Helsehjelp basert på medverknad og behov
5. Ha god samanheng i tenester og i overgangar

### 3. PLANEN SI OPPBYGGING

Planen for «Leve heile livet» har eit perspektiv på 4 år. Planen vil vera førande for prioriteringar i budsjett og økonomiarbeid.

#### Sentrale og lokale føringar

##### Sentrale føringar

- [Omsorg 2020](#)
- Morgendagens omsorg [Meld. St. 29 \(2012–2013\) - regjeringen.no](#)
- [Demensplan 2020 \(regjeringen.no\)](#)
- Kvalitetsreforma for eldre «Leve heile livet» [Meld. St. 15 \(2017–2018\) - regjeringen.no](#)

##### Lokale føringar

- Kommuneplan-arealdel og samfunnsdel
- Heilskapleg plan for helse- og omsorg
- Plan for pleie- og omsorg
- Handlingsplan for psykisk helse og rus
- Rehabiliteringsplan
- Kompetanseplan for helse- og omsorg

#### Medverknad

- Gruppearbeid og innspelsmøte: for avdelingsleiarar/fagansvarleg og einingsleiarar i helse- og omsorg
- Gruppearbeid og innspelsmøte: tverrfagleg samarbeid mellom «helse og omsorg» og «Utvikling og drift» i kommunen.
- Kreative møter: innspel til plan frå eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Leiargruppa i helse- og omsorg har gjennomgått planen og kome med innspel.
- Styringsgruppemøte: Plan gjennomgått og godkjent før vidaresending til politisk behandling.

## Moglegheitsbilete for kommunen

Me er i tid med raske endringar og utviklinga tyder på at kommunerolla skal bidra med eit positivt menneskesyn der me meiner at alle har ressursar som kan bidra i lokalsamfunnet, både til eige og fellesskapet sitt beste. Kommunen sine tilsette skal vera viktige aktørar for å finne desse ressursane, og bringe innbyggjarar i saman slik at dei kan støtte og hjelpe kvarande. Me trur at fleire lokale aktørar i lokalsamfunnet vil gå saman om å utvikle nye løysingar, og kommunen si rolle som tilretteleggjar blir viktig. Velferdsteknologi skal bidra til auke av meistring i eigen kvardag. Frivillige lag og organisasjonar har ei viktig rolle i vårt lokalsamfunn i dag, men den vil få ei enda større betydning i framtida og nye former for frivillig arbeid må utviklast. Slik vil lokalsamfunnet mobiliserast på nye måtar.

Kva som blir opplevd som ein god alderdom er ulik frå person til person og kan ikkje definerast av nasjonale myndigheter, men som offentleg forvaltar av offentlege tenester skal me ta med oss innspel til at me kan legge til rette for dei som blir eldre i Etne kommune skal ha ein god og verdig alderdom.

Kartlegging av tilsette og kompetanse i helse- og omsorgstenestene viser at det vil bli endringar og behov for rekruttering av helsepersonell dei neste åra. Kompetanse og rekrutteringsplan blir viktig i sektoren helse- og omsorg. Blir det fleire eldre som har behov for tenester og færre yngre til å yte tenester, så er kommunen avhengig av at pårørande og frivillige kan vera med å støtte den som har eit hjelpebehov.

Førebygging, rehabilitering og behandling skal i størst mogleg grad føregå i kommunen og helse- og omsorgstenestene skal vera meir spesialiserte. Som kommune blir me utfordra til å etablere ny kunnskap og å ta i bruk ressursane på ein ny måte som t.d teknologi, nye fagleg metodar, organisatoriske endringar og samskaping med private aktørar.

Om me ikkje tenker nytt som kommune trur me at det vil det bli ein ubalanse mellom behov og tilbod i framtida. Sentrale og lokale føringer med innspel frå innbyggjarar/tilsette peiker på at me har fleire moglegheiter for å møte behovet:

- Legge til rette for eit aldersvenleg samfunn
- Legge til rette for løysingar som gjer at den einskilde kan bu lengre heime
- Prioritere tenester og oppgåveløysing som fremjar førebygging og meistring av eigen kvardag
- Ta i bruk moglegheiter som teknologi kan gje
- Vidareutvikle samarbeidet med frivillige
- Styrke kompetanse hos medarbeidrarar og leiarar
- Heilskap og samhandling internt i kommunen og mot andre som t.d spesialisthelsetenesta, kompetansemiljø, næringsliv
- Tenesteyting skal vera prega av stor grad av brukarmedverknad

## 4. STRATEGIAR

### 4.1 STRATEGI 1: EIT ALDERSVENLEG SAMFUNN

Eit aldersvenleg samfunn i Etne kommune skal legge til rette for at den einskilde kan utnytte sine ressursar og ha moglegheit for å leve eit sjølvstendig og aktivt liv. Dette inneber tiltak som kan gje dei eldre kvardagsmeistring og god livskvalitet. Eit aldersvenleg samfunn har eit inkluderande og tilgjengleg miljø som fremjar aktiv aldring.

For å utvikle eit aldersvenleg samfunn må ein samarbeide på tvers av sektorar og næringsverksemder. Innbyggarinvolvering og samskaping står sentralt i utviklinga av samfunnet og ein skal fokusere på dei miljømessige, sosiale og økonomiske faktorane som påverkar vaksne si helse og trivnad.

Auka tal eldre vil og gje eit auka tal med innbyggjarar som får demens. Me skal ha fokus på eit demensvenleg samfunn, slik at personar med demens kan møte forståing og støtte for å t.d ha moglegheit til å delta i kvardagsaktivitetar som å handle, delta i kulturaktivitetar og foreningsliv mm.

Tiltak	Ansvar	Tidsperiode	Oppfølging
Informasjon- og innspelsmøter til aldersgruppa 65+	Kommunalsjef helse og omsorg	2022-2026	Årleg
Digital opplæring for 65+	Eining kultur og frivilligsentralen	2022-2026	Årleg
Førebyggande heimebesøk for eldre	Einingsleiar helse	2022-2026	Årleg
Det skal kartleggast behov for transportordning for eldre.	Kommunalsjef helse og omsorg	2022	
Kommuneplanen skal synleggjere areal tilrettelagt for bustader til eldre i Etne og Skånevik sentrum	Kommunalsjef utvikling og drift	2022	
Kartlegge behov for Demensvenleg samfunn	Kommunalsjef Helse og omsorg	2022	
Rekruttering av frivillige i samarbeid med frivilligsentralen	Frivilligsentralen	2022-2026	
Kommunen skal ha rolla som «tilretteleggar», og skal samarbeide med lokale lag, organisasjonar og næringsliv.	Kommunalsjefane	2022-2026	

## 4.2 STRATEGI 2: AKTIVITET OG FELLESSKAP

Leve heile livet er ei reform for aktivitet, deltaking og sosial fellesskap. Kommunen har personar som opplever einsemd over tid kan ha ein risikofaktor for å utvikle helseproblem. Langvarig einsemd hos eldre er forbunde med svekka funksjonsnivå, både fysisk og mentalt, og kan ha redusert livskvalitet. Svekka funksjonsnivå kan verke inn på opplevelinga av å kjenne seg einsame.

Eldre innbyggjarar frå kommunen skal få informasjon om aktivitetstilbod, arenaer for sosialt samver og nettverksbygging. Aktivitetar skal vere lett tilgjengelege, tilpassa individuelle behov, slik at ein fremjar aktivitet og sosialt fellesskap. Me ønsker nå fleire friske eldre med byrjande grad av funksjonsfall før dei kjem så langt at dei blir sitjande heime. Me ønsker å få til ein organisering av arrangement, aktivitetar og møteplassar der det òg kan inviterast til generasjonsfellesskap som skaper gjensidig forståing og utveksling av kunnskap og erfaring.

Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Oppfølging
Legge til rette for meir aktivitetstilbod for heimebuande eldre i samarbeid med frivilligsentralen - generasjonstreff	Einingsleiar PLO	2022	Årleg
Strategi for God og tilgjengleg informasjon om aktiviteter til innbyggjarar	Einingsleiar PLO, frivilligsentralen og friskliv	2022-2026	Evaluerast fortløpende
Årshjul for aktivitetar ved omsorgssentera	Einingsleiar PLO og frivilligsentralen	2022-2026	Målset i brukarundersøking i 2023
Faste samarbeidsmøter mellom frivilligsentralen og PLO	Einingsleiar PLO	2022-2026	Årleg

## 4.3: MAT OG MÅLTID

Mat og måltid blant eldre har dei seinare åra blitt satt på dagsorden i Noreg. Likevel ser det ut til å vera eit gap mellom det nasjonale retningslinjer anbefaler og det tilbodet som mange eldre får i landet vårt. Kommunen vår har 2 kjøkken lokalisert i omsorgssentera i Etne og Skånevik som leverer mat til institusjon og til heimebuande.

Me ynskjer å skape gode måltidsopplevelingar og ha fokus på å førebygge underernæring hos eldre i kommunen. God mat er grunnleggande for god helse og livskvalitet gjennom heile livet.

Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Oppfølging
Fortsette med systematisk kartlegging av ernæringstatus av alle som har helse- og omsorgstenester	Einingsleiar helse og PLO	2022-2026	Internkontroll
Kartlegging av måltidsrytme ved omsorgssentera og etablere gode rutinar for "det gode måltid"	Einingsleiar PLO	2022	Evaluering
Prosjekt «Kafè». Utvikle tilbod om middagservering i fellesskap for heimebuande og andre på omsorgssentera i samarbeid med frivilligsentralen	Einingsleiar PLO	2022-2023	Evaluering jamfør prosjektbeskriving
Samarbeid med frivilligsentralen om tilbod som t.d «spisevenn».	Einingsleiar PLO	2022-2026	Årleg evaluering

#### 4.4 HELSEHJELP

Kommunen skal legge til rette for å gje tenester som fremjar livskvalitet og meistring av kvardagen for den einskilde.

Uavhengig av livssituasjon skal tilsette stille spørsmålet: «kva er viktig for deg for å meistre den kvardagen du har nå?». Me skal legge til rette for å mobilisere den einskilde sine ressursar, og støtte til at den einskilde innbyggjar får dekka sitt behov for hjelp og tryggleik.

Eldre skal kjenne seg verdsatt, og bli sett og involvert i avgjerder som gjeld dei sjølve. Me skal auke innsatsen knytt til tiltak og tenester som legg til rette for at den einskilde skal få moglegheit til å leve heime så lenge som mogleg å få støtte til å meistre kvardagen når helsa sviktar. På same tid skal innbyggjarar ha tryggleik for å få heildøgns tilbod i tilrettelagt institusjon/bustad når ein treng det. Når livet går mot slutten skal eldre få lindrande omsorg og pleie. Dette vil bli ytterlegare belyst i plan for pleie- og omsorg.

Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Oppfølging
Kompetanseplan for helse- og omsorg	Kommunalsjef helse og omsorg	2022	Oppfølging av tiltak i plan
Etne kommune satsar på heimetenester og kvardagsrehabilitering	Einingsleiar helse og einingsleiar PLO	2022-2026	Måleindikator
Plan for pleie- og omsorg	Kommunalsjef helse og omsorg	2022	Oppfølging av tiltak i plan
Heilskapleg plan for helse og omsorg	Kommunalsjef h&o	2022	Oppfølging av tiltak i plan
Etne kommune satsar på velferdsteknologi	Kommunalsjef helse og omsorg	2022-2026	Oppfølging måleindikator i budsjett

#### 4.5 SAMANHENG I TENESTENE

Samanheng i tenester har som mål å gje eldre auka tryggleik og forutsigbarheit gjennom pasientforløp og gode overgangar mellom eigen heim, sjukehus, sjukeheim og at det skal vera så få hjelperar å forhalde seg til som mogleg. Overgangar mellom primærhelsetensta og spesialisthelsetenesta er fokusområde i samarbeidsavtalane mellom kommunar og helseføretak.

Eldre sitt tenestetilbod skal ta utgangspunkt i kva som er viktig for den enskilde. Verkemiddel for å få dette til kan vera t.d innkomstsamtale/velkomstsamtale der ein kartlegg det som er viktig for deg når ein har oppstart i nytt tenestetilbod og ved flytting mellom ulike tenestenivå, utforming av individuell plan, primærkontakt og jamnlege pasient- og pårørandesamtalar er viktige.

Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Måling/merknad
Tverrfagleg heimebesøk til alle 1.gongs kartleggingar	Fagleiar tenestekontor for helse og omsorg	2022-2026	Årleg evaluering
Tverrfagleg tiltaksmøte for tildeling av helse- og omsorgstenester	Tenestekontor	2022-2026	Årleg evaluering
Utvikle rolla primærkontakt og sekundærkontakt i heimetenester og institusjon	Einingsleiarar i helse og omsorg	2022	Iplos
Utvikle plan for pårørandestrategi	Einingsleiar PLO	2023	
Vidareutvikle rutine for tydeleg og god informasjon om tilbod og forventningar mellom brukar/pårørande og tenestene.	Einingsleiar PLO	2022	Årleg

